

6-2 for dispensasjon til Kjærland

18.05.2011



Komiteen på synfaring ved naustet i mars - Kjærland til venstre (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Naust-saka til Gunnar og Edit Kjærland var til handsaming for andre gongen i forvaltningskomiteen i dag og komiteen gjekk som førre gongen inn for dispensasjon med 6 mot 2 røyster.  
Dei som røysta mot og for avslag  
var Øyvind Hardeland (Ap) og Steinar Kleven (Ip).**

Dispensasjonen gjeld frådeling av eksisterande naust som ligg i eit LNF-område i kommunedelplanen av 2003 og også dispensasjon frå plan- og bygningslova om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

Administrasjonen har mellom anna peika på at elveosen bør haldast fri for ytterlegare utbyggjing. Det er frykt for auka privatisering og byggjepress i strandsona.

Dei som er for visar til at komiteen to gonger på 1990-talet gav løyve til oppføring av naust i det aktuelle området med grunngjevinga at det vart rekna som tettbygd strok. Dermed vart forbodet om bygging i 100-metersbeltet ikkje gjeldande. Dispensasjonen rettar opp den innebygde feilen i kommunedelplanen ved at utegløymd naust på 131/6 frå 1996 no vert frådelt som eiga nausttomt og rekna med i naustformål.

Vegvesenet har streka under at nausttomta ikkje kan skiljast ut før det er sikra lovleg adkomst til offentleg veg. Her kan løysinga vera parkering på bustadeigdommen..  
Men no spørs det kva fylkesmannen meiner.